



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Formannskapet
Møtedato	01.06.2017
Møtetid:	Kl. 16:00 - 19:40
Møtestad:	Kommunehuset

Av 9 medlemmer møtte 9, inkludert varamedlemmer.

Medlemmer møtte:	Parti:
Øystese, Olaug Karin	A
Frøland, Knut Harald	BL
Tveit, Lena	BL
Haga, Odd Arne	FRP
Røen, Arild	H
Aasgaard, Inge	KRF
Røen, Øyvind	SP
Tjønnå, Monica	SP

Desse medlemene møtte ikkje:	Parti:	I staden møtte:	Parti:
Aadland, Nils	A	Strømmen, Øyvind	MDG

Møtenotater:

Andre personar som var til stades på møtet:

- Hilde-Lill Våge, konstituert rådmann
- Jan Erik Boge, sektorleiar organisasjon
- Grete Lill Hjartnes, sektorleiar helse og omsorg
- Rita Ludvigsen, sektorleiar oppvekst og kultur
- Nina Erdal, økonomisjef
- Anita Eide, Bergen kommune, under orientering om barneverntenesta

Underskrift frå utvalsleiar og møtesekretær:

Tysse,

Frøland, Knut Harald
ordførar

Boge, Jan Erik
sektorleiar organisasjon

Desse sakene vart handsama:

Sakliste

Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
021/2017	17/244	Faste saker	
022/2017	17/259	Finansrapportering pr 1. tertial 2017	
023/2017	17/259	Økonomirapportering pr april 2017	
024/2017	16/471	Godkjenning av Kommunerekneskapen 2016	
025/2017	17/556	Årsmelding Samnanger kommune 2016	
026/2017	17/596	Føringar økonomiplan og kvalitetsindikatorar 2018-21	
027/2017	15/863	Byggerekneskap for Samnangerheimen - uttale frå kontrollutvalet	
028/2017	09/197	Vidare utbygging av breiband i Samnanger kommune	
029/2017	15/313	Kvalitetsdialog i Samnanger kommune	
030/2017	17/252	Lokal forskrift om rett til opphald i sjukeheim	
031/2017	17/274	Fordeling av kulturmidlar 2017	
032/2017	17/390	Finansiering av brosyjre om Samnanger	
033/2017	17/562	Val av aksjonskomite til TV-aksjonen 2017	

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent.
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering.

01.06.2017 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Det var ingen merknader til møteinnkallinga og sakslista.

Orienteringssaker:

Orientering frå barneverntenesta

Anita Eide, leiar i Arna barnevernteneste, orienterte og rapporterte om arbeidet i barneverntenesta.

Samarbeidsprosjekt Samnanger, Vaksdal, Kvam og Osterøy

Ordførar Knut Harald Frøland (Bl) orienterte om at fylkesmannen har avslått kommunane sin søknad om økonomisk støtte til dette samarbeidsprosjektet.

Sak om kvalitetsdialog/ressursbruk i skulen

Ref. vedtak i kommunestyret 11.05.2017 . Det har ikkje vore kapasitet i administrasjonen til å få opp sak i formannskapsmøtet 01.06.2017. Konstituert rådmann Hilde-Lill Våge orienterte om at spørsmålet om deling av 1. klasse hausten 2017 likevel allereie er avklart.

Frivilligsentral

Ordførar Knut Harald Frøland (Bl) orienterte om at det ikkje er krav om kommunal drift for å kunne få statleg økonomisk tilskot til frivilligsentral i perioden 2018 - 2020. Kommunen har søkt om tilskot. Svaret på søknaden vil bli klart når statsbudsjettet for 2018 blir lagt fram.

Arbeid på kommunale vegar

Konstituert rådmann Hilde-Lill Våge orienterte om arbeidet med vedlikehald/asfaltering/sikring som for tida vert gjort ein del av dei kommunale vegane, mellom anna Totrævegen, Tysselandsvegen og Hagabakkane.

Parken på Bjørkheim

Konstituert rådmann Hilde-Lill Våge orienterte om at arbeidet med parken på Bjørkheim nesten er ferdig. Arild Røen (H) tok opp at rullestolbrukarar i dag ikkje kan bruka stikkvegane i parken, fordi dei er grusa med grov singel. Hilde-Lill Våge orienterte om at ho håpar at det kan leggjast asfalt på i alle fall ein av stikkvegane.

Idrettsanlegget i Hagabotnane

Konstituert rådmann Hilde-Lill Våge orienterte om status for arbeidet med krøllgras og friidrettsdekke i Hagabotnane. Arbeidet er nesten ferdig. Krøllgrasbana blir truleg klar til bruk måndag 05.06.2017.

Sak om vassleidning

Konstituert rådmann Hilde-Lill Våge orienterte om sak vedrørande vassleidning i Krekaveg-området på Indre-Tysse. Saka/striden går mellom anna på om vassleidninga er privat eller kommunal, og om ansvar for reparasjon av denne.

Ordning med tilskot til medfinansiering av idrettshall

Ordførar Knut Harald Frøland (Bl) orienterte om at kommunen i 2017 kan søkja fylkeskommunen om inntil 2 millionar kroner i tilskot til idrettshall. Tilskotsordninga gjeld kommunar som ikkje har idrettshall i dag. Knut Harald Frøland tek sikte på at kommunestyret 15.06.2017 skal avgjera om kommunen skal søkja om tilskot.

Omsorgsbustader på Ytre-Tysse

Det står pr. i dag to omsorgsbustader ledige på Ytre-Tysse. Dette fører til ekstra utgifter for kommunen, fordi det ikkje kjem inn leigeinntekter når bustadane står tomme. Etterspurnaden etter omsorgsbustader er låg, og desse bustadane kan i dag heller ikkje brukast til andre føremål enn omsorgsbustader.

Eventuelt sal av prestebustaden på Haga

Ordførar Knut Harald Frøland (Bl) viste til orientering i førre formannskapsmøte. Det er no avklart kor stor byggekostnaden for bustaden var. Hilde-Lill Våge orienterte om status i sak om eventuelt sal av bustaden.

Status vedrørande risikorapport norsk fiskeoppdrett 2017/lakselus i Samnangerfjorden

Ordførar Knut Harald Frøland (Bl) viste til rapporten og orienterte om at han har vore i kontakt med fleire offentlege instansar, men at det generelt ser ut til å vera svært vanskeleg å få iverksett tiltak i Samnangerfjorden. Det kan kanskje vera mogleg å få iverksett tiltak for å betra situasjonen i Tysseelva, jf. samtale Frøland har hatt med fylkesmannen.

Vassavgift Eikedalen

Konstituert rådmann Hilde-Lill Våge foreslo at det vert innarbeidd eit eige avsnitt om vassavgift for abonnentar i Eikedalen i kommunen sitt avgiftshefte.

Påkopling kommunalt vassanlegg

Konstituert rådmann Hilde-Lill Våge viste til vedtak i kommunestyret 11.05.2017, og orienterte om at på grunn av sjukemelding kjem sak om reglar/retningslinjer for påkopling til kommunalt vassanlegg ikkje opp før i september.

Vidareføring av vassanlegg i Eikedalsområdet ned mot Fossenbratte

Konstituert rådmann Hilde-Lill Våge orienterte om at det bør bli eit samarbeid med Kvam om å vidareføra vassleidninga i Eikedalen, noko avtalen med Kvam opnar for. Vidareføring av vassleidninga er lagt inn i kommuneplanen som ligg ute til høyring

Klimaplan

Konstituert rådmann Hilde-Lill Våge viste til vedtak i kommunestyret om at Samnanger kommune skal utarbeida klimaplan. Ho orienterte om at det ikkje er kapasitet i administrasjonen til å få opp sak om dette til politisk behandling før våren 2018.

Utvalet sitt kvarter:

Uteområde Dråpeslottet barnehage

Øyvind Strømmen (Mdg) viste til e-post som er sendt til medlemmene i formannskapet frå verneombodet i Dråpeslottet barnehage, der det vert uttrykt bekymring for ei del forhold i uteområdet i barnehagen. Konstituert rådmann Hilde-Lill Våge orienterte om at verneombodet må ta dette opp med einingsleiar og at einingsleiar spelar dette inn til teknisk drift i vedlikehaldsplanlegginga og budsjettprosessen.

Nytt senter for funksjonshemma

Konstituert rådmann Hilde-Lill Våge orienterte om status for prosjektet, etter spørsmål frå Odd Arne Haga (Frp).

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FORM- 021/2017 Vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent.
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering.

SAKNR. 022/2017: Finansrapportering pr 1. tertial 2017

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Finansrapportering for 1.tertial 2017 vert tatt til etterretning.

01.06.2017 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FORM- 022/2017 Vedtak:

Finansrapportering for 1. tertial 2017 vert tatt til etterretning.

SAKNR. 023/2017: Økonomirapportering pr april 2017

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Økonomirapportering pr april 2017 vert tatt til etterretning og det vert gjort fylgjande budsjettjusteringar:

	Utgift opp/ Inntekt ned	Utgift ned/ Inntekt opp
Driftsbudsjettet:		
Auka skatt		470 000

Redusert rammetilskot	78 000	
Auka inntektsutjamning		695 000
Redusert inntekt konsesjonskraft	400 000	
Eigedomsskatt		170 000
Tap på Nordisk Areal Invest as	183 991	
Utbytte Nordisk Areal Invest as		215 000
Auka tilskot IMDI		393 000
Auka utgift introduksjonsstønad	500 000	
Avdrag lån	250 000	
Rentereduksjon lån		100 000
Bruk av fond KLP		1 515 000
Bruk av fond KLP arb.avgift		213 615
Premieavvik KLP	1 515 000	
Premieavvik KLP, arb.avgift	213 615	
Akk.premieavvik pensjon	35 000	
Akk.premieavvik pensjon arb.avgift	4 935	
Kontingent KLP og SPK	3 074	
Barnevern Bergen kommune		200 000
Rådmann, årslønn og servicepensjon	236 000	
Rekruttering ny rådmann	230 000	
Sekretærstilling stab	80 000	
Brann, reperasjon av bil	70 000	
Overtid kurs brannbefal	78 000	
Byggesak	94 000	
Investeringsbudsjettet:		
Vassloppa		500 000
Ungd.skulen	500 000	
Sal av hus på Lønnebakken	90 000	
Utgift til sal	135 880	
Redusert avsetning til fond		225 880
Tomtesal Rolvsvåg bustadfelt		100 000
Avsett til ubunde investeringsfond	100 000	
Kostnad vatn til Totland og Tysseland	400 000	
Tilskot frå BKK as		400 000
Utgift sjukeheimen	98 000	
Lånemidlar tatt opp tidlegare		98 000
Utgift bibliotek	400 000	
Lånemidlar tatt opp tidlegare		400 000
Kontrollsum	5 695 495	5 695 495

01.06.2017 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Økonomisjef Nina Erdal presenterte følgjande korrigerede forslag til budsjettjusteringar:

	Utgift opp/ Inntekt ned	Utgift ned/ Inntekt opp
Driftsbudsjettet:		
Auka skatt		470 000
Redusert rammetilskot	78 000	
Auka inntektsutjamning		695 000
Redusert inntekt konsesjonskraft	400 000	
Eigedomsskatt		170 000
Forteneste Nordisk Areal Invest as		31 318
Auka tilskot IMDI		393 000
Auka utgift introduksjonsstønad	500 000	
Avdrag lån	250 000	
Rentereduksjon lån		100 000
Bruk av fond KLP		1 515 000
Bruk av fond KLP arb.avgift		213 615
Premieavvik KLP	1 515 000	
Premieavvik KLP, arb.avgift	213 615	
Akk.premieavvik pensjon	35 000	
Akk.premieavvik pensjon arb.avgift	4 935	
Kontingent KLP og SPK	3 383	
Barnevern Bergen kommune		200 000
Rådmann, årslønn og servicepensjon	236 000	
Rekruttering ny rådmann	230 000	
Sekretærstilling stab	80 000	
Brann, reperasjon av bil	70 000	
Overtid kurs brannbefal	78 000	
Byggesak	94 000	
Investeringsbudsjettet:		
Vassloppa		500 000
Ungd.skulen	500 000	
Sal av hus på Lønnebakken	90 000	
Utgift til sal	135 880	
Redusert avsetning til fond		225 880
Tomtesal Rolvsvåg bustadfelt		100 000
Avsett til ubunde investeringsfond	100 000	
Kostnad vatn til Totland og Tysseland	400 000	
Tilskot frå BKK as		400 000

Utgift sjukeheimen	98 000	
Lånemidler tatt opp tidlegare		98 000
Utgift bibliote	400 000	
Lånemidler tatt opp tidlegare		400 000
Kontrollsum	5 511 813	5 511 813

Rådmannen sitt framlegg, med endringane i det korrigerede forslaget til budsjettendringar, vart samrøystes vedteke.

FORM- 023/2017 Vedtak:

Økonomirapportering pr april 2017 vert tatt til etterretning og det vert gjort fylgjande budsjettjusteringar:

	Utgift opp/ Inntekt ned	Utgift ned/ Inntekt opp
Driftsbudsjettet:		
Auka skatt		470 000
Redusert rammetilskot	78 000	
Auka inntektsutjamning		695 000
Redusert inntekt konsesjonskraft	400 000	
Eigedomsskatt		170 000
Forteneste Nordisk Areal Invest as		31 318
Auka tilskot IMDI		393 000
Auka utgift introduksjonsstønad	500 000	
Avdrag lån	250 000	
Rentereduksjon lån		100 000
Bruk av fond KLP		1 515 000
Bruk av fond KLP arb.avgift		213 615
Premieavvik KLP	1 515 000	
Premieavvik KLP, arb.avgift	213 615	
Akk.premieavvik pensjon	35 000	
Akk.premieavvik pensjon arb.avgift	4 935	
Kontingent KLP og SPK	3 383	
Barnevern Bergen kommune		200 000
Rådmann, årslønn og servicepensjon	236 000	
Rekruttering ny rådmann	230 000	
Sekretærstilling stab	80 000	
Brann, reperasjon av bil	70 000	
Overtid kurs brannbefal	78 000	
Byggesak	94 000	
Investeringsbudsjettet:		
Vassloppa		500 000
Ungd.skulen	500 000	
Sal av hus på Lønnebakken	90 000	

Utgift til sal	135 880	
Redusert avsetning til fond		225 880
Tomtesal Rolvsvåg bustadfelt		100 000
Avsett til ubunde investeringsfond	100 000	
Kostnad vatn til Totland og Tysseland	400 000	
Tilskot frå BKK as		400 000
Utgift sjukeheimen	98 000	
Lånemidlar tatt opp tidlegare		98 000
Utgift bibliote	400 000	
Lånemidlar tatt opp tidlegare		400 000
Kontrollsum	5 511 813	5 511 813

SAKNR. 024/2017: Godkjenning av Kommunerekneskapen 2016

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rekneskapen for 2016 vert godkjend slik han ligg føre. Mindreforbruk/overskot for 2016 på 2 260 500,94 kroner vert sett av til disposisjonsfondet.

01.06.2017 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FORM- 024/2017 Vedtak:

Rekneskapen for 2016 vert godkjend slik han ligg føre. Mindreforbruk/overskot for 2016 på 2 260 500,94 kroner vert sett av til disposisjonsfondet.

SAKNR. 025/2017: Årsmelding Samnanger kommune 2016

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Årsmelding for Samnanger kommune for 2016 vert teken til orientering.

01.06.2017 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Odd Arne Haga (Frp) viste til Kostra-tal og stilte nokre spørsmål vedrørande pleie- og omsorgstenestene, spesielt heimetenestene/tenester for funksjonshemma. Sektorleiar Grete Lill Hjartnes svara.

Øyvind Strømmen (Mdg) stilte nokre spørsmål til sjukefråværsstatistikken i årsmeldinga. Sektorleiar Jan Erik Boge svara.

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FORM- 025/2017 Vedtak:

Årsmelding for Samnanger kommune for 2016 vert teken til orientering.

SAKNR. 026/2017: Føringer økonomiplan og kvalitetsindikatorar 2018-21**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Samnanger kommune legg til grunn vedlagte føringer for økonomiplan og kvalitetsindikatorar 2018-21. Det vert sett ein ambisjon på 1,23% netto driftsresultat av driftsinntekter i budsjettarbeidet i 2018, og mål om å styrkje disposisjonsfondet.

Det skal gjennomførast ein kvalitetsdialog med kommunestyret og sektorane for kvalitetsmål og ambisjonsnivå før einingane sin frist for å levera budsjettframlegg, den 7 oktober.

01.06.2017 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Økonomisjef Nina Erdal orienterte om at kommunen si økonomiske ramme for neste år pr. i dag ikkje er heilt avklart, og at nokre forhold først vil bli avklart i statsbudsjettet for 2018.

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FORM- 026/2017 Vedtak:

Samnanger kommune legg til grunn vedlagte føringer for økonomiplan og kvalitetsindikatorar 2018-21. Det vert sett ein ambisjon på 1,23% netto driftsresultat av driftsinntekter i budsjettarbeidet i 2018, og mål om å styrkje disposisjonsfondet.

Det skal gjennomførast ein kvalitetsdialog med kommunestyret og sektorane for kvalitetsmål og ambisjonsnivå før einingane sin frist for å levera budsjettframlegg, den 7 oktober

SAKNR. 027/2017: Byggerekneskap for Samnangerheimen - uttale frå kontrollutvalet

Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak:

1. Kontrollutvalet viser til revisor sin uttale til byggerekneskapen for Samnangerheimen, der det går fram at prosjektrekneskapen gjev eit rettvissande bilete av at prosjektet er i samsvar med god kommunal rekneskapsskikk.
2. Kontrollutvalet meiner prosjektrekneskapen for Samnangerheimen er lagt fram på ein tilfredstillande måte

01.06.2017 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Formannskapet slutta seg til kontrollutvalet si vurdering og gjekk samrøystes inn for å godkjenne byggerekneskapen for Samnangerheimen.

FORM- 027/2017 Vedtak:

Byggerekneskapen for Samnangerheimen vert godkjent.

SAKNR. 028/2017: Vidare utbygging av breiband i Samnanger kommune

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Det er viktig å få på plass ei god og framtidsretta høgkapasitets breibandsløysing (via fiber) i Rolvsvåg industriområde samt på Saga. Det er ingen indikasjonar på at nokon kommersielle aktørar har planar om ei slik utbygging. I Rolvsvåg industriområde, som er kommunalt, er det spesielt viktig at Samnanger kommune arbeider for god infrastruktur - mellom anna høgkapasitets breiband. For at industriområdet skal vera attraktivt/eigna i åra som kjem, vil ei god breibandsløysing vera viktig.

Dersom tilskotsmidlane som fylkeskommunen har gitt tilsegn om ikkje er tilstrekkelege til å få realisert eit god og framtidsretta breibandsløysing i området Rolvsvåg - Saga, bør Samnanger kommune bruka dei resterande breibandsmidlane frå Samnanger – Sima-fondet (ca. 99.000 kroner) til ytterlegare tilskot. I tillegg kan det brukast inntil 250.000 kroner frå næringsfondet. I tillegg må næringsdrivande i området utfordrast til å bidra med midlar. Gjennom dette bør det vera mogleg å få realisert ei breibandsløysing som i saksframlegget er omtalt som «Rimeleg fiberløysing», det vil seia ei løysing med fiber heile vegen inn til utbyggingsområdet.

Utbygginga må gjennomførast så raskt som praktisk mogleg, og vera ferdig seinast innan utgangen av 2018.

Målsettingar for breiband i Samnanger kommune må utarbeidast som ein del av arbeidet med ny kommuneplan (samfunnsdelen).

01.06.2017 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FORM- 028/2017 Vedtak:

Det er viktig å få på plass ei god og framtidsretta høgkapasitets breibandsløyising (via fiber) i Rolvsvåg industriområde samt på Saga. Det er ingen indikasjonar på at nokon kommersielle aktørar har planar om ei slik utbygging. I Rolvsvåg industriområde, som er kommunalt, er det spesielt viktig at Samnanger kommune arbeider for god infrastruktur - mellom anna høgkapasitets breiband. For at industriområdet skal vera attraktivt/eigna i åra som kjem, vil ei god breibandsløyising vera viktig.

Dersom tilskotsmidlane som fylkeskommunen har gitt tilsegn om ikkje er tilstrekkelege til å få realisert eit god og framtidsretta breibandsløyising i området Rolvsvåg - Saga, bør Samnanger kommune bruka dei resterande breibandsmidlane frå Samnanger – Sima-fondet (ca. 99.000 kroner) til ytterlegare tilskot. I tillegg kan det brukast inntil 250.000 kroner frå næringsfondet. I tillegg må næringsdrivande i området utfordrast til å bidra med midlar. Gjennom dette bør det vera mogleg å få realisert ei breibandsløyising som i saksframlegget er omtalt som «Rimeleg fiberløyising», det vil seia ei løyising med fiber heile vegen inn til utbyggingsområdet.

Utbygginga må gjennomførast så raskt som praktisk mogleg, og vera ferdig seinast innan utgangen av 2018.

Målsettingar for breiband i Samnanger kommune må utarbeidast som ein del av arbeidet med ny kommuneplan (samfunnsdelen).

SAKNR. 029/2017: Kvalitetsdialog i Samnanger kommune

Ordføraren sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune ønskjer å bidra til eit levande og inkluderande lokaldemokrati gjennom kvalitetsdialog mellom politikarar, kommunetilsette, næringsliv, innbyggjarar og andre i politiske prosessar.

Vilkår for kvalitetsdialog:

- Kommunestyre, Formannskap og Naturutval er i utgangspunktet møteeigarar for kvalitetsdialog men andre politiske utval kan også gjere seg nytte av kvalitetsdialog som verktøy.
- Forslag til kva tema som skal takast opp til drøfting gjennom kvalitetsdialog kan vere «kva som helst» og komme som initiativ frå «kven som helst». Dei politiske utvala avgjer kva forslag til tema som skal godkjennast for kvalitetsdialog og kva som skal vere målsetting med kvalitetsdialogen.
- Det er ein ambisjon om at organisasjonen skal vere tverrfagleg representert i kvalitetsdialogmøta. Dei respektive politiske utvala kan invitera eksterne til å delta i kvalitetsdialogmøter.
- For å oppnå dialog med kommunen sine innbyggjarar kan sosiale media takast i bruk.
- Resultat av kvalitetsdialog inngår som underlag for eventuelt vidare sakshandsaming.

Det må undersøkjast i kva grad ein kan hente inn ekstern finansiering av kvalitetsdialog- enten på generelt grunnlag eller til dei konkrete tema.

01.06.2017 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Ordføreren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FORM- 029/2017 Vedtak:

Samnanger kommune ønskjer å bidra til eit levande og inkluderande lokaldemokrati gjennom kvalitetsdialog mellom politikarar, kommunetilsette, næringsliv, innbyggjarar og andre i politiske prosessar.

Vilkår for kvalitetsdialog:

- Kommunestyre, Formannskap og Naturutval er i utgangspunktet møteeigarar for kvalitetsdialog men andre politiske utval kan også gjere seg nytte av kvalitetsdialog som verktøy.
- Forslag til kva tema som skal takast opp til drøfting gjennom kvalitetsdialog kan vere «kva som helst» og komme som initiativ frå «kven som helst». Dei politiske utvala avgjer kva forslag til tema som skal godkjennast for kvalitetsdialog og kva som skal vere målsetting med kvalitetsdialogen.
- Det er ein ambisjon om at organisasjonen skal vere tverrfagleg representert i kvalitetsdialogmøta. Dei respektive politiske utvala kan invitera eksterne til å delta i kvalitetsdialogmøter.
- For å oppnå dialog med kommunen sine innbyggjarar kan sosiale media takast i bruk.
- Resultat av kvalitetsdialog inngår som underlag for eventuelt vidare sakshandsaming.

Det må undersøkjast i kva grad ein kan hente inn ekstern finansiering av kvalitetsdialog- enten på generelt grunnlag eller til dei konkrete tema.

SAKNR. 030/2017: Lokal forskrift om rett til opphald i sjukeheim**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Lokal forskrift om rett til opphald i sjukeheim eller tilsvarande bustad vert vedteken og gjeld frå 01.07.17

01.06.2017 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FORM- 030/2017 Vedtak:

Lokal forskrift om rett til opphald i sjukeheim eller tilsvarande bustad vert vedteken og gjeld frå 01.07.17

SAKNR. 031/2017: Fordeling av kulturmidlar 2017

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

01.06.2017 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Det vart innleiingsvis avklart at rådmannen sitt framlegg til vedtak går fram av tabellen i saksframlegget (i kolonna "Rådmannen si innstilling"). Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FORM- 031/2017 Vedtak:

	Kulturmidlar 2017
Samnanger sokn	3 000
Samnanger skulemusikk	14 000
I/S Vonheim	5 000
Ten Cafe	6 500
Samnanger barnekor og king-sing	4 000
Nordbygda ungdomslag	29 000
Tveit ungdomslag	3 500
	65 000
Thomas Martin Nordvik stiftelse	20 000
Antons kulturhistoriske senter	15 000
	35 000
Samnanger kunstlag	5 000
Tysse og Nordbygda musikklag	15 000
	20 000
Samnanger idrettslag	50 000
Tysse skyttarlag	10 000
	60 000
Rolvsvåg turlag	1 000
Samnanger turlag	5 000
Samnanger jeger og fiskarlag	5 000
	11 000

Samnanger røde kors	10 000
Samnanger pensjonistlag	5 000
Samnanger Røde kors omsorg	5 000
Samnanger hagelag	5 000
Samnanger båtforeining	0
	25 000
	216 000

SAKNR. 032/2017: Finansiering av brosjyre om Samnanger

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune bestillar 8 sider ekstra i brosjyren til ein kostnad på kr 29 440,-. Brosjyren får 16 sider totalt. Det vert finansiert med bruk av næringsfondet.

01.06.2017 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Monica Tjøønna (Sp) spurde om formannskapsmedlemmene kunne få utkast til brosjyre til gjennomsyn før brosjyren vert ferdigstilt. Formannskapet slutta seg til dette ønsket.

Administrasjonen fekk ansvar for å senda ut utkastet til formannskapsmedlemme når det er klart.

Øyvind Strømmen (Mdg) viste til informasjonen i saksutgreiinga om at brosjyren i utgangspunktet berre blir tilgjengeleg på internett i eitt år. Dette må takast opp med JS Norge.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FORM- 032/2017 Vedtak:

Samnanger kommune bestiller 8 sider ekstra i brosjyren til ein kostnad på kr 29 440,-. Brosjyren får 16 sider totalt. Det vert finansiert med bruk av næringsfondet.

SAKNR. 033/2017: Val av aksjonskomite til TV-aksjonen 2017

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Ordførar vert leiar av TV-aksjonen. Samnanger kommune ber Utdanningsforbundet om å delta i aksjonskomiteen. Rådmannen stiller med sekretær. Komiteen bestemmer sjølv om dei ynskjer å trekke inn andre ressurspersonar.

01.06.2017 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Øyvind Strømmen (Mdg) spurde om vedtaksframlegget inneber at leiaren i aksjonskomiteen får fullmakt til å peika ut andre medlemmer til komiteen. Formannskapsmedlemmene slutta seg til at vedtaksframlegget er å forstå slik at leiaren får fullmakt til å peika ut andre medlemmer.

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FORM- 033/2017 Vedtak:

Ordførar vert leiar av TV-aksjonen. Samnanger kommune ber Utdanningsforbundet om å delta i aksjonskomiteen. Rådmannen stiller med sekretær. Komiteen bestemmer sjølv om dei ynskjer å trekke inn andre ressurspersonar.